GOL OG HEMSEDAL

# Kyrkjeblad

Nr. 1 Mars 2024 75. årgang




Min Salme........................................3
Ski in - Married out..............................4
Hjarte for vatn....................................6
Konfirmasjonar.....................................9
Gudstenestelista ............................. 10-11
Livets gang.........................................11

## GOL OG HERAD KYRKJEKONTOR

Gol kommunehus 3. etg
**Eksp. tid mån– fre 9.00–15.00**
Tlf: 32 02 90 00
kyrkja@gol.kommune.no
www.gol.kyrkja.no

**Kyrkjeverje:**
**Kjellfred Dekko**
Tlf: 32 02 91 35 • Mobil: 926 41 198
kjellfred.dekko@gol.kommune.no

**Sokneprest:**
**Arnstein Bleiktvedt**
Mobil 95828706 – Fri måndagar
arnstein.bleiktvedt@gol.kommune.no

**Diakon:**
**Martha Frøyland Bleiktvedt**
Permisjon

**Diakonimedarbeider:**
**Sissel Rudningen** Mobil: 47627663
sissel.rudningen@gol.kommune.no

**Gerd Eli Berge** Mobil: 41508155
gerd.eli.berge@gol.kommune.no

**Organist:**
**Justin Vickery**
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00
Mobil: 474 75 580
justin.vickery@gol.kommune.no

**Kyrkjetenarar:**
**Ludvig Munkejord** Mobil: 911 22 763
**Knut Ole Klepp** Mobil: 906 58 761

**Sekretær**
**Thorunn Haugo**
Tlf: 32 02 91 39 • Fri fredagar
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no

**Trusopplærar**
**Britt Marie Haraldset**
Mobil: 951 22 136
britt.marie.haraldset@gol.kommune.no

**Leiar sokneråd og fellesråd:**
**Kjetil Th. Storebråten** Mobil: 908 21 745

## HEMSEDAL KYRKJEKONTOR

Hemsedal kommunehus
**Eksp. tid mån– tor 9.00–14.00**
Tlf: 31 40 88 45
kyrkja@hemsedal.kommune.no
www.hemsedal.kyrkja.no

**Kyrkjeverje:**
**Irene Markegård**
Tlf: 31 40 88 45• Mobil: 48 20 20 20
irene.markegard@hemsedal.kommune.no

**Sokneprest:**
**Camilla Osnes** – Fri måndagar
Mobil: 977 15 677
camilla.osnes@hemsedal.kommune.no

**Sekretær (dåp, vigsel og gravferd):**
Thorunn Haugo
Tlf: 32 02 91 39 • Fri fredagar
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no

**Trusopplærar:**
Britt Marie Haraldset
Mobil: 951 22 136
britt.marie.haraldset@gol.kommune.no

**Kyrkjetenar:**
**Wilfried Westera** Mobil: 971 09 922

**Gravplassen Hemsedal:**
**Hans Vidar Sørensen**
Mobil: 911 76 827 • sorensen.hv@gmail.com

**Leiar sokneråd og fellesråd:**
**Håvard Venås** Mobil: 908 42 422

## GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD


| | |
|---|---|
| **Antall nr.:** | 3 nummer i året |
| **Redaksjon:** | Irene Markegård, Ludvig Munkejord (red.), Sølvi Larsen Aalrust, Kjell Slåtten, Gunnar Rudningen |
| **Ekspedisjon:** | Kyrkjekontoret, 3550 Gol |
| **Kasserar:** | Arne Oddmund Tuv, 3560 Hemsedal. |
| **Utgjevar:** | Kyrkja i Gol, Hemsedal og Herad |
| **E-post:** | ludv@online.no |
| **Bankgiro:** | Sparebank 1 Hallingdal 2367.60.00097 |
| **Vipps:** | 591790 |
| **Forsidefoto:** | Hemsdal Turistkontor/KI |


## Soknerådsmøter i Hemsedal

Soknerådet har møter disse datoene framover:
4/4, 2/5, 30/5 og 27/6

Dersom du har saker du ønsker tas opp send inn til *kyrkjeverja@hemsedal.kommune.no* eller legg i postkassa til kyrkja utenfor kyrkjekontoret.

## Kyrkjelydens årsmøte og årsfest i Hemsedal

Velkommen til årsmøte og årsfest på Kyrkjestugu torsdag 21. mars kl. 19.30.

Det vil bli en kort gjennomgang av fjoråret, sang og mat.

I år vil det også bli anledning til å delta i soknerådets visjons-planlegging med tanker du har om Hemsedal kyrkje.

Velkommen!



## Velkommen til S-klubben!

**Program for S-klubben våren 2024**

**13. mars** Vanlig S-klubb med tema «Påske».

**10. april** Vanlig S-klubb.

**24. april** BASAR.

**7. juni** (fredag) Sommaravslutning.

S-klubben er ein kristen barneklubb for deg som er mellom 5 og 12 år (frå og med siste året i barnehagen). Vi held til vanleg til på Kyrkjestugu onsdagar kl 17.30-19.00 (Oppmøte 17.15-17.25).

*Har du spørsmål, ta kontakt med Anne Berit Ulsaker, tlf 977 63 842*

## Utlysing Holde og Thorset legat Hemsedal

Tildeling av midlar for 2024 skjer etter søknad.

**Kven kan søkje:**
Sundagsskulen får alltid 10% av renteinntektene.
Resten fordelas på søkjarar som driv kristeleg verksemd på Luthersk evangelisk grunn i Hemsedal.

**Søknad sendast til:**
Hemsedal Kyrkjekontor
Hemsedalsvegen 2889
3560 Hemsedal
Eller til e-post: kyrkjeverja@hemsedal.kommune.no
Søknadsfrist: 1. april 2024



# Min Salme

## HILDE BIRGITTE SMEDSGÅRD HAUG

Jeg bor i Hemsedal på Torsetsia med min familie. Her har jeg snart bodd i 25 år og stortrives med naturen rett utenfor døra. Min oppvekst hadde jeg på gården Smedsgård på Gol, der ble jeg tidlig glad i både natur og dyr.

Naturen har en stor plass i hverdagen min det er her jeg kjenner det er lettest å søke Gud og det er i naturen jeg kjenner at han er ekstra nær. I naturen kan jeg koble av, kjenne mestring og glede, og det er i naturen jeg søker trøst på tyngre dager.

Å kjenne kuldegrader som river i kinnene om vinteren, se sola gi glitter til den kalde snøen, knitrelyder under skoa og dyrespor i snøen, kjenne lukten av skog når man trasker på stier om våren, se de første vårblomstene komme opp, høre fuglene synger, lukten av syrin, høre bølgene mot svaberget om sommeren, de fine fargene som farger trær og lyng på høsten, plukke og smake på frukt og bær, før naturen igjen dekkes av snø.

*Jeg utfordrer Petrus Strikwerda til å dele salme med oss.*

For meg er naturens opplevelser små hverdagsunder gang på gang, og en trosstyrkelse i hverdagen, her er Gud meg nær. Derfor har jeg blitt så glad salme 624 i salmeboka. Den passer inn i alle årstider og på alle steder. Vi burde synge den til de vi møter og til oss selv hver dag.

Må din vei komme deg i møte,
vinden alltid være bak din rygg,
solens lys leke på ditt kinn,
regnet falle vennlig mot din jord.
Og må Guds gode hånd verne om deg
til vi møtes igjen.

TEKST: **HILDE BIRGITTE SMEDSGÅRD HAUG**
FOTO: **PRIVAT**

---

# Framtida

## TIL KYRKJEBLADET VÅRT

Det er blitt mykje dyrare enn før å lage eit kyrkjeblad. Prisane har auka både på trykking og på distribusjon. Dette har til saman auka med om lag 80.000 kroner dei siste tre åra. Sett i forhold til inntektene på bladet, både dei vi får i dag og dei vi forventar å få i åra framover, så kan me ikkje lenger forsvare å gje ut eit blad slik me gjer i dag. Rekneskapen til bladet viser underskot i 3 av dei siste 6 åra. Det ville også vore underskot i eit fjerde år om me ikkje hadde mottatt ei ekstra stor gåve akkurat det året.

Derfor vil du nå framover få tre blad i året, alle med 12 sider og forhåpentlegvis med nyttig og interessant innhald. Det betyr også at når me publiserer gudstenestelister og oversikter langt fram i tid så kan det skje endringar undervegs. Kalenderen på heimesidene våre skal alltid vere oppdatert.

Parallelt med dette vil me arbeide med å utvikle ei digital løysing i tillegg. Korleis det vert veit me ikkje enno, men det blir eit spennande arbeid.

No i første omgang er det viktig å minne om at dersom ein ynskjer eit kyrkjeblad framover, så er me avhengig av at mange betaler bladpengane og gjerne gir gåver. Bladpengane er i utgangspunktet sett til 300 kroner i året. Giro er lagt inn i bladet her no.

Kontonummeret er 2367.60.00097.
Vippsnummeret er 591790.

TEKST: **LUDVIG MUNKEJORD**

# Nytt frå Gol og Herad kyrkje

TEKST: **KJELLFRED DEKKO**

Dei fleste kyrkjene i Norge er bygd i tida 1850 – 1890. Nokre av desse er vurdert til å vera av nasjonal verdi, og er under særskilt tilsyn av Riksantikvaren. Gol kyrkje frå 1882 er eit slikt bygg, og er dermed definert som ei «listeført kyrkje». Regjeringen har løyvd 10 milliardar til eit kyrkjebevaringsprogram, og årleg skal det delast ut 500 millionar frå dette fondet. Ein kansøkje om midlar til kyrkjer frå før 1850, og til listeførte kyrkjer. I utgangspunktet er vedlikehald av kyrkjene eit kommunalt ansvar, og løyvingane ser ut til å bli eit samspel mellom staten og kommunen. Kyrkjebevaringsprogrammet er ute på høyring i desse dagar og kjem i funksjon frå 2025.

Me kjem til å søkje av desse midlane til å skifte ut taket på Gol kyrkje.

# Nytt frå Hemsedal kyrkje

TEKST: **IRENE MARKEGÅRD**

I Hemsedal starter året med mange gode planer for året som kommer. Nytt sokneråd er i gang med planlegging av visjoner og strategiske mål for perioden. Dette vil det også bli en liten del om på årsmøtet/årsfesten 21. mars. Håper å se mange denne kvelden.

Vi håper å ha på plass ny organist i løpet av våren og det skal også lyses ut en prosjektstilling som ungdomsarbeider. Dette er med bakgrunn i støtte fra Hemsedal Normisjon. Vi er takknemlige for det gode samarbeidet med dem og andre lag og organisasjoner i bygda. Her jobber vi på lag for å spille hverandre gode.

Givertjenesten vil framover bli veldig viktig, da mye av kyrkjelydsarbeidet ikke dekkes inn av kommunens finansiering. For at ungdomsarbeiderstillingen skal kunne fortsette utover et år er vi helt avhengig av mange givere og håper at dersom du har lyst til å støtte kyrkjas arbeid for både barn og unge, samt andre aktiviteter og soknerådets arbeid så meld i fra til kyrkjekontoret eller registrer deg enkelt på websia til kyrkja *(www.hemsedal.kyrkja.no/gjevartenesten)*. Det er selvsagt også mulig å gi enkeltgaver og du har mulighet for skattefradrag på gaver du gir.

På websida til kyrkja har du også muligheten til å registrere deg som frivillig. Det er mange både store og små oppgaver vi trenger hjelp til fra tid til annen. Her er det oppgaver som passer for alle og enhver.

Av større prosjekter så er det nå snart klart for maling av Hemsedal kyrkje. Kyrkja skal få et fint løft og det skal gjøres noe finish på tidligere arbeid. Vi gleder oss til at kyrkja kan skinne i «ny» prakt. Vi starter også opp arbeidet med et prosjekt som ender i et slukkeanlegg i kyrkja. I Lykkja kapell skjer det også ting – her vil det komme ny ytterdør og vi jobber for å få satt opp en rullestolrampe.

Vi gleder oss til et spennende 2024 og jeg retter en stor takk til både stab og frivilllige for den innsats alle legger inn for å gjøre Hemsedal kyrkjelyd til det den er.


**GRAVFERDSBYRÅ I HALLINGDAL**

**GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS**
Bente Andreassen
Vakt tlf. 480 234 77 - www.golbb.no

**HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ**
Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen
Vakt tlf: 97 41 41 00

**JØLSTAD - HALLINGDAL GRAVFERDSBYRÅ AS**
Vakt tlf: 32 08 23 00
www.hallingdalgravferd.no


## Nytt bispedømmeråd konstituert

Tunsberg bispedømmeråd består av:

Lill Tone Grahl-Jacobsen, leder *(Åpen folkekirke, f. 1960, Drammen)*
Gunnbjørg Furuset, nestleder *(Nominasjonskomitéens liste, f. 1964, Sandefjord)*
**Anne Gerd Jorde (Nominasjonskomitéens liste, f. 1956, Gol)**
Frode Magnar Andersen *(prest, f. 1963, sokneprest Horten)*
**Inga Stoveland Dekko (Åpen folkekirke, f. 2001, Ål)**
Jan Otto Myrseth *(biskop)*
Jo Hedberg *(Bønnelista og Frimodig kirke (listesamarbeid), f. 1962, Tønsberg)*
Ole Amund Hafell *(lek tilsatt, f. 1972, diakon, Tønsberg)*
Petter Holm *(Åpen folkekirke, f. 1960, Tønsberg)*
Sebastian Kaltoft Hansen *(Nominasjonskomitéens liste, f 2003, Sandefjord)*
Ein kan og merke seg at Ingrid Andrea Lono Smedsgård frå Gol, f.1993, er 1. vara for Åpen folkekirke.

TEKST: **CAMILLA OSNES**
FOTO: **HEMSEDAL TURISTKONTOR/KI**



# Ski in - married out

Den 13. april skjer det noe spennende i Hemsedal. For første gang i Norge blir det drop-in bryllup på toppen av en skiheis!

Drop-in har på kort tid blitt fullbooket. Det er totalt 14 par som har meldt seg på.

Ideen kom for noen år siden da tidligere kirkeverge Kjetil Storebråten og sokneprest Camilla Osnes pratet sammen. Kjetil lanserte slagordet «Ski in – married out». Ideen brant fast i minnet hos oss og nå tenkte kirkekontoret at tiden var inne. Vi ville jo gjerne prøve oss ut på drop-in bryllup slik som mange andre menigheter hadde gjort, men vi ville ha en liten tvist på det hele. Vi tenkte at det hadde vært spennende å gjøre dette ute i de vakre naturomgivelsene i Hemsedal. Vi tok derfor en prat med Hemsedal turistkontor og de ville gjerne bli med på å få gjennomført dette! Sammen har vi idémyldret, forberedt og planlagt dagen, og vi tror vi har skapt noe utenom det vanlige!

Allerede ett døgn etter lanseringen var det fem brudepar påmeldt. Det er tydelig at vi har truffet noe mange har drømt om!

Som folkekirke vil vi møte mennesker der de er og i de livene de lever. Det er ikke alle som drømmer om et stort bryllup eller å gå som hvit brud ned altergangen. Naturens katedral kan også skape en minnerik opplevelse og gi gode rammer for en vielse.

Vielsene vil finne sted på en fjellknaus på toppstasjonen til Tindenheisen, 1349 moh. Denne plassen tilbyr en helt unik utsikt over Holdeskaret og Hemsedal. Med fjellene som vitne, midt i Guds majestetiske skaperverk vil det føles som om man står på toppen av verden når man utveksler løftene.



## Hemsedal Knøttekor

Vi ønsker velkommen til
**Knøttekor i Hemsedal kyrkje!**

Det blir 3-4 øvingar i mai
**kl. 16.30 til 17.30. Datoar ikkje fastsett.**
Invitasjonar sendes i post til medlemmer/trusopplæringsabonnentar. Følg gjerne med på facebook/nettsida til kyrkja.

Vi startar øvinga med pølse i brød/lompe. Søsken, større eller mindre, er velkomne til å vere med og ete middag, og synge om dei vil. Barna må følges av ein kjent vaksen. Aldersgruppe: ca 4-7 år.

**Sundag 9. juni kl. 11**
**syng vi på gudstenesten.**

I denne gudstenesten blir det og utdeling av
**«Kirkeboka mi» til alle barn fødd i 2020.**

Britt Marie Haraldset – 951 22 136
Ta kontakt om du lurer på noko.

# Hjarte for vatn

## FOR KIRKENS NØDHJELP SIN FASTEAKSJON

I Libanon manglar mange vatn, ein av dei var 15 år gamle Rachelle El Debs.

– Eg elskar familien min, landsbyen og landet mitt. At eg kanskje må forlate alt, er heilt forferdeleg å tenkje på, seier ho.

Vi er i Deir El Ghazal, heilt på grensa til Syria. Berre fjella skil. Her kunne dei sjå kampane gå føre seg mellom IS og libanesiske styrkar.

– Sjå kor vakkert det er. Det er den vakraste staden på jord, ikkje sant? Fjella, dalen, trea. Eg kan ikkje kome meg fort nok ut i naturen, smiler Rachelle El Debs og ser utover Bekaadalen.

Libanon er eit land som står i mange krisar, og spesielt ungdom som Rachelle får kjenne det på kroppen.

– Det er vanskeleg for alle, men det vondaste er at det ikkje er noko framtid for oss her. Vi unge må reise ut for å få jobb.

I 2019 kollapsa økonomien i landet, folk mista alle sparepengane sine og det offentlege tenestetilbodet krasjlanda. Ein lærar gjekk frå å tene rundt 25.000 kroner i månaden til tusen kroner i månaden. I 2020 var hovudstaden Beirut råka av ein massiv eksplosjon som mellom anna øydela landet sitt viktigaste kornlager. Så kom covid og no ligg heile landet med brekt rygg. Arbeidsløysa er skyhøg, helsetilbodet elendig og unge velutdanna flyktar frå landet.

– Eg vil vere her i Libanon saman med familien min, men eg har nok ikkje noko val. Skal eg får meg ein jobb, så må eg reise ut.

Området Rachelle bur i har vore utan vatn i 40 år, og alt drikkevatn har kome med lastebil ein gong i veka.



*Rachelle og Sanaa er begge glade for at landsbyen Deir El Ghazal no har fått tilgang på reint vatn. Vatnet kjem både libanesarar og syriske flyktningar til gode. Straks er det tid for Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, der over 40.000 konfirmantar skal ut å gå med bøsse for reint vatn.*

I dag har Rachelle tatt oss med på tur opp i fjella, vi er på 1300 meter over havet. Ein av hobbyane hennar er å gå på tur i fjellet, og ho er opptatt av å nå målet med 10.000 skritt kvar dag.

– Eg er opptatt av å halde meg i form, og å gå har hjelpt meg masse. Eg tenkjer klårare og kjenner meg mykje betre etter ein fjelltur, smiler ho.

Turen er ikkje tilfeldig valt, ho vil nemleg vise oss ein vasstank på 800.000 liter, som gjev vatn til landsbyen hennar på nesten tre tusen menneske. Både syriske flyktningar og libanesarar.

Heilt til 2020 var landsbyen utan vatn. Dei hadde ein 300 meter djup brønn som stod ubrukt fordi det korkje var pengar til straum eller diesel til å drifte han.

Takk vere Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon kunne Kirkens Nødhjelp syte for reint vatn til landsbyen til Rachelle. Dei siste tre åra har vi bygd eit solcellepanel, ein vasstank og kopla til vassrøyr.

Ein av dei som har stått for utbygginga, er vass-sjefen vår i Libanon, Sanaa Al Asaad. Ho er sjølv frå Syria, og for henne er det ekstra viktig at både flyktningar og lokalsamfunn får nyte godt av vatnet på grensa til heimlandet.

– Vatnet har vore heilt avgjerande for landsbyen min, og eg som går så mykje på tur, drikk vatn heile tida, seier Rachelle og smiler bort til Sanaa.

Gjennom Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, kan vi syte for reint vatn til endå fleire som Rachelle. Det er håp i ein drope vatn! Bli med på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

***Fakta***

- *Kirkens Nødhjelp har svart på humanitære behov i Libanon sidan 2013.*
- *På grunn av krig i nabolandet Syria har Libanon sidan 2011 opplevd ei massetilstrøyming av flyktningar. Dette gir eit enormt press på infrastruktur. Med den økonomiske kollapsen i 2019 og eksplosjonen i Beirut i 2020 er dei humanitære behova framleis store.*
- *Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i Libanon fokuserer på to tema: vatn, sanitær og hygiene; og kjønnsbasert vald.*
- *Kirkens Nødhjelp sitt klimarobuste vatn-program omfattar tilgang på trygt vatn gjennom boring og/eller rehabilitering av brønnar og/eller vatnforsyningsnettverk, bygging av vatnreservoar og vatntransport.*
- *Kirkens Nødhjelp har vore i front når det gjeld å bruka grøn teknologi, som solcellepanel for pumping av vatn, og rettar seg også mot miljøsanering for å ta tak i og minska utfordringar i samband med kloakkvatn og fast avfall dei fleste stader i Libanon.*
- *Midlar samla inn i fasteaksjonen bidreg til at dette viktige arbeidet kan haldast oppe.*

## Torsdagstreff




Tverrkulturelt treff på
Helselagsstugu (Frivilligsentralen)

Torsdagstreff er en møteplass for kvinner og barn fra ulike kulturer. Det er eget opplegg for barn.

Pris: 20,- voksen / 10 ,- barn

Ønsker du skyss ring Gunhild tlf. 97181627 eller Sissel 47627663

Adr: Breidokkgutu 10, 3550 Gol

### *Plan for våren 2024*

*kl.18.00 - 20.00*

**18. januar**
Tema: Strikking. Ta med garn og strikkepinner hvis du har.
Mat fra Kongo ved Marie Louise

**15. februar**
Tema: Mat og mat-tradisjoner/ matkulturer fra ulike land
Mat: Mange ulike tar med

**21. mars**
Tema: Barnesanger: Sang og piano ved Marianne Engh
Mat: Pizza v/Gerd Eli og Gunhild

**18. april**
Tema: Avfallssortering v/Gol kommune
Mat fra Ukraina ved Olga

**23. mai**
Tema: Dyrking og leik på Renslotunet
Mat: Alle tar med sin egen matpakke og egen drikke.

**Lørdag 15. juni**
Sommertur – mer info kommer.

Arr.: Gol Røde Kors, Helselaget og Diakoniutvalget

## Åpent hus

Formiddagstreff på Gol bedehus siste torsdag i måneden **kl.11-13.**

### *Program for våren 2024*

**22. februar**
Andakt ved Line Vettestad
Foredrag om Kirkens Nødhjelps arbeid i Ukraina det siste året, ved Line Vettestad.

**21. mars**
Andakt ved Målfrid Bergaplass Anderson, tidlegare diakon i Ål
Eg er ein pilegrim! Bilete frå vandring i mange land v/pensjonert diakon, Hans Enger frå Valdres.

**25. april:** Andakt ved prest Sven Giljebrekke. Lars Brustugun les frå eigne tekstar.

**30. mai:** Andakt ved Birger Bolstad frå Torpo. Foredrag om Kristenretten 1000 år v/Birger Bolstad

Helsing Åpent hus-komité

## Pilegrimsvandring

Pilgrimsvandreren

Laurdag 8. juni er 7. og 8. klassingar velkomne til å vere med på pilegrimsvandring frå Gol bedehus til Herad kyrkje.

Undervegs blir det nokon stopp med ulike natur-, friluftslivs- og førstehjelps-aktivitetar.

Informasjon og påmelding til Britt Marie - 95122136

## Velkommen til Tårnagent helg

1.-2. juni i Herad Kyrkje for deg som går i 3. eller 4. klasse.

Invitasjon kjem i posten til medlemmer og trusopplæringsabonnementer – følg elles med på facebook/nettside.



## Språkkafé

**Torsdag kl. 17-19**
**1. februar, 7. mars, 4. april, 2. mai og 6. juni**

På Gol Bibliotek

Vi vil ønske hjertelig velkommen til språkkafé. Ta gjerne med familien din eller en venn.

Vi snakker sammen over en kaffe-/tekopp.

Dette er et gratis tilbud og åpent for alle!

Velkommen!

Kontaktpersoner:
Karin Bjørge tlf. 902 87 526
Sissel Rudningen tlf. 476 27 663

bruse

VI LEVERER
altibox

## MØTEPUNKT

HEMSEDAL KYRKJE & HEMSEDAL NORMISJON

Møtepunkt er et samlingspunkt på tvers av generasjoner og bakgrunn. Sammen ønsker vi å skape et møtepunkt der vi tar oss tid til hverandre, har rom for tro (verdighet) og viser toleranse. Vår visjon er Jesu bønn «Må de alle være ett.» Gjennom å sette av tid for mat (sosialt fellesskap), tid for intro (dagens tema) og tid for prat (samtale over livet og troen), håper vi at vi kan skape et troverdig møtepunkt. Vi ønsker å skape rom for undring og tvil, for å tenke høyt uten å bli arrestert for de tankene man deler.

**Når og hvor**
Første søndag i måneden på Kyrkjestugu.

**Program**
Kl.16.00: Middag for de som ønsker det.

Kl.17.00: Felles start med lek/ konkurranse, musikk/sang og info. Inndeling i barnegrupper og møtestart.

Ca kl. 18.10: Kaffe.

**7. april:** Ord – Åndelig maktmisbruk ved Hans Eskild Vigdel.
Ei biletforteljing om familiar som la ut fra Noreg til Nepal i lastebil i 1964.

**5. mai:** Tonar – nyere salmer av Marita Bjørke.
Marita Bjørke er prest i Den norske kyrkje og salmedikter. Hun er også søsteren til Unni Bjørke. Denne søndagen skal hun dele med oss noen av hennes salmetekster og høre og synge noen av dem.

**2. juni:** Turdag.
Me reiser på tur saman ein stad i nærområdet. Turen passar for alle aldrar og funksjonar. Meir info kjem. Sjekk heimesida, kommuneposten og Facebook.

Ønsker du å være med som frivillig eller har spørsmål?

Kontakt en i komiteen eller send mail til: camilla.osnes@hemsedal.kommune.no

Mer info på *www.hemsedal.kyrkja.no*

Komité: Monika Bakko, Yngve V. Venås, Anders T. Bakke, Olav Støyten, Hilde Haug, Camilla Osnes

## Sundagsskulen i Hemsedal

**Følgende datoer:**
**17. mars, 21. april og 12. mai**

Sundagsskulen er for aldersgruppa 4 år - 7. klasse og møtes kl. 10-11

Barn fra 4 år tom 4. klasse har sine opplegg på Kyrkjestugu.

Temasøndagsskolen er for 5–7. klasse, og møter på ulike steder som blir kunngjort på Facebook.

Det vil bli lagt ut oppdatert informasjon på Facebook siden «Søndagsskolen i Hemsedal»

Vil du vite mer kan du lese på *www.sondagsskolen.no*

Medlemskontingenten er kr 50,- og gjelder for et kalenderår.

Velkommen!

Søndagsskolen

## Velkommen til misjonskveld

på Kyrkjestugu søndag **21. april kl. 19.00**



Tema: Med lastebil til Nepal

Ei biletforteljing om 3 familiar som la ut fra Noreg i lastebil i 1964. Dei skulle til Nepal for Tibetmisjonen - no HimalPartner - for m.a. å byggja ein yrkesskule. Dei familiene som var med på denne turen, var familien Raknes, familien Voreland og familien Hoftun. Åse Raknes Høyland, som sjølv var med på den eventyrlege turen, fortel og viser bilete.

Denne kvelden vert det og salg av fine håndarbeidsprodukt laga av Brit Bjørke, søstra til Åse og Åse sjølv. Inntektene går til sjukehuset i Okladunga. Det blir også ein lett kvelds.

normisjon

Arr: Normisjon Hemsedal

## MIDDAG FOR ALLE

**Når: Torsdag 25. april og 29.august kl.16.30-18.30**

**Hvor: Kyrkjestugu**

**Middag servers mellom kl.16.30 og 17.30.**

**Velkommen til gratis middag på Kyrkjestugu!**

**Vi samles til middag og blir litt bedre kjent med hverandre i bygda.**

**Du kan komme og gå som du vil!**

**Velkommen!**

**Arrangør: Hemsedal Idrettslaget, Bua Hemsedal, Hemsedal Helselag, Hemsedal Frivillighetssentralen og Hemsedal kyrkje.**

Ta kontakt med kyrkjekontoret om du trenger skyss. Tlf 31 40 88 45 eller kyrkjeverja@hemsedal.kommune.no

# KONFIRMASJONAR

## HERAD

**LØRDAG 5. MAI KL. 10.00**
Kine-Melanie Olavsbråten Dimpas
Halvor Brunvoll Engebakken
Oda Brenno Grubben

**LØRDAG 5. MAI KL. 12.00**
Mie Sofie Løvseth Bøe
Sander Finnevolden-Bråten
Adrian Rand-Fagerstrøm
Linnea Saue Gashi
Adrian Lauvang Rivedal

Telegraminnlevering 3. Mai
i Herad kyrkje fra 18.30 - 20.00

## HEMSEDAL

**LØRDAG 18. MAI KL. 11.00**
Olivia Basberg
Nilas August Botten
Lilja Dyrset
Syver Hustad
Karen Pauline Pedersen Jørve
Eirik Møllerplass Mythe
Magnus Leon Loos Skaiaa
Fingar Brenno Stenkvist
Sabina Bergrud Taraldsen
Anton Ivo Zbierzchowski

**SØNDAG 19. MAI KL. 11.00**
Snorre Magnus Aamot
Carmen Emilie Becher
Vinter Øglund Døhl
Torhild Elise Eikre
Maiken Gjærde
Eivor Rimstad Intelhus
Felicia Mediaa Lenning
Engebret Haug Markegård
Oliver Fjeldheim Myklebust
Sivert Kristiansen Skolt

Telegraminnlevering på Kyrkjestugu
frå kl. 9.00 begge dagar.

## GOL

**LAURDAG 11. MAI KL. 11.00**
Mattis Bakken
Ingrid Mikkelsplass Bjørnebråten
Nicolay Grøndalen
Håkon Haugstad
Madicken Amundsen Kahrs
Tim Frostholm Larsen
Sarah Ravnanger
Andrea Rustberggard
Mille Rustbergaard
William Indrestrand Rybka
Pauline Rustberggard Sjong
Adrian Lerberg Solbakken
Mari Eidsberget Sortebråten
Ida Opheim Stensgård
Vetle Tørrisplass

**SØNDAG 12. MAI KL. 11.00**
Amalie Aasen
Jonas Magnetun Bækken
Iver Eidsgaard
Isabelle Atieno Karlsen
Trond Joranger Langslet
Marius Brenno Opheim
Lars Olav Roe
Malin Åmellem Sortebråten
Tilde Hole Strandos
Knut Ivar Orset Svello
Malin Haugo Trillhus
Line Marie Tveito
Ronny Utengen

Telegraminnlevering 10. Mai
i Gol kyrkje fra 17.30 - 19.00

## Ope hus Hemsedal

Velkommen til Ope hus
på **Kyrkjestugu kl. 11-13**
desse tysdagane:

**7. mai** Tema krig/frigjering. Sebjørg Marie Jordheim fortel ulike glimt som hemsedøler har fortalt om krigstida. Det blir solosang av Hilde S. Haug, trompetmusikk og elles faste innslag som quiz, dikt og nysteikte vaflar og kaffe.

**4. juni** Støltur til Sørejallen med tema stølsliv. Det blir servert stølskost, og me får song av «ungefolket» på stølen.

Meir informasjon kjem i kommuneposten.

Velkommen!

## Morgonbøn i Hemsedal Kyrkje

Kvar onsdag t.o.m. juni kl. 07.45.
Kyrkja er open frå kl. 07.30.

Enkel liturgisk bøn og taize-sang.

Stillheit før og etter bøna.

Velkommen!



## Dugnad på kyrkjegarden

Vi treng di hjelp for å få fin kyrkjegard etter vinteren.

Ta med reiskap.

Alle er velkomne!

**HEMSEDAL**
Tysdag 13. mai frå kl. 10.00
Enkel servering kl. 12.00

**HERAD**
Onsdag 24. april frå kl. 12.00
Bevertning ca. kl.17.00

**GOL**
Torsdag 25. april frå kl. 12.00
Bevertning

# GUDSTENESTELISTA

**17. MARS**
Marias bodskapsdag

HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste

**21.MARS**
HEMSEDAL KYRKJESTUGU
KL. 19.30
Kyrkjelydens årsmøte

**24. MARS**
Palmesøndag

KAMBEN KAPELLTOMT KL. 11.00
Utegudsteneste

**27. MARS**
HERAD KYRKJE
Påskekonsert

**28. MARS**
Skjærtorsdag

LYKKJA KAPELL KL.10.00
Gudsteneste

BYGDAHEIMEN kl.12.30
Andakt m/ nattverd

GOL KYRKJE kl.18.00
Gudstjeneste og måltidsfellesskap

**29. MARS**
Langfredag

GOL KYRKJE kl. 11.00
Gudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE kl.19.00
Gudsteneste

OSET KAPELL kl.21.30
Gudsteneste

**31. MARS**
Påskedag

HEMSEDAL KYRKJE KL.09.00
Gudsteneste for store og små

GOL KYRKJE KL.10.00
Høgtidsmesse

LYKKJA KAPELL KL.12.00
Høgtidsmesse

SØRÅSEN kl.13.00
Utegudsteneste

**7. APRIL**
2. sundag i påsketida

GOL KYRKJE kl. 11.00
Gudsteneste

KYRKJESTUGU HEMSEDAL
kl.16.00 (mat) / kl.17.00 (møtestart)
Møtepunkt: Ord «Om åndeleg maktmisbruk»
Ph.kd. Hans Eskild Vigdel fra VID vitenskapelig høgskole.

**14. APRIL**
3. sundag i påsketida

HERAD KYRKJE kl. 11.00
Samtalegudsteneste med kyrkjekaffi

HEMSEDAL KYRKJE KL.19.00
Kveldsgudsteneste

**21. APRIL**
4. sundag i påsketida

GOL KYRKJE kl. 11.00
Samtalegudsteneste med kyrkjekaffi

**28. APRIL**
5. sundag i påsketida

HEMSEDAL KYRKJE kl.11.00
Samtalegudsteneste

GOL KYRKJE kl. 11.00
HEL-gudsteneste, mennesker med funksjonsnedsettelse deltek
Kyrkjekaffi etterpå

**5. MAI**
6. sundag i påsketida

HERAD KYRJE kl. 10.00
Konfirmasjongudsteneste

HERAD KYRJE kl. 12.00
Konfirmasjongudsteneste

KYRKJESTUGU HEMSEDAL
kl.16.00 (mat) / kl.17.00 (møtestart)
Møtepunkt: Tonar - Marita Bjørke Ådland
Hun vil dele sine egne salmetekster og vi skal synge noen av dem.

**11. MAI**
Laurdag før pinse

GOL KYRKJE kl. 11.00
Konfirmasjongudsteneste

**12. MAI**
Sundag før pinse

GOL KYRKJE kl. 11.00
Konfirmasjongudsteneste

**17. MAI**
HERAD KYRKJE kl.09.30
Gudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE KL. 10.00
Gudsteneste

**18. MAI**
Pinseaftan

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Konfirmasjonsgudstjeneste

**19. MAI**
Pinse

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Konfirmasjonsgudstjeneste

HERAD KYRKJE kl. 11.00
Gudsteneste

**26. MAI**
Treeiningssundag

GOL KYRKJE kl. 11.00

**2. JUNI**
2. sundag i treeiningstida

HERAD KYRKJE
Tårnagentgudsteneste

HEMSEDAL
Møtepunkt: Turdag
Me reiser på tur saman ein stad i nærområdet. Turen passar for alle aldrar og funksjonar. Meir info kjem. Sjekk heimesida, Kommuneposten og Facebook

**9. JUNI**
3. sundag i treeiningstida

GOL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste for små og store.
Utdeling av 4-årsbok.

**16. JUNI**
4. sundag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL11.00
Gudsteneste

# GUDSTENESTELISTA

**23. JUNI**
5. sundag i treeiningstida

HEMSEDAL STAVKYRKJETOMT kl.11.00
Skaparverkgudsteneste

HERAD VEL PLASS KL.19.00
St.Hansgudsteneste

**30. JUNI**
Aposteldagen / 6.s. i treeiningstida

GOL KYRKJE KL.11.00
Folkemusikkmesse

**3. JULI**
GOL STAVKYRKJE KL.20.00
Musikkandakt

**7. JULI**
7. sundag i treeiningstida

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00

**10. JULI**
GOL STAVKYRKJE KL.20.00
Musikkandakt

**14. JULI**
8. sundag i treeiningstida

LYKKJA KAPELL KL.11.00
Frelsesarmeen møte

OSET KAPELL KL.11.00
Gudsteneste

**17. JULI**
GOL STAVKYRKJE KL.20.00
Musikkandakt

**21. JULI**
9. sundag i treeiningstida

GOL STAVKYRKJETOMT KL.11.00
Skaparverkgudsteneste.
Kyrkjekaffi på Hallingmuseet Skaga

**24. JULI**
GOL STAVKYRKJE KL.20.00
Musikkandakt

**28. JULI**
10. sundag i treeiningstida

LYKKJA KAPELL KL.11.00
Gudsteneste

OSET KAPELL KL.16.00
Olsokmesse.
Kyrkjekaffi på Oset høyfjellshotell etter gudstenesta.

**31. JULI**
GOL STAVKYRKJE KL.20.00
Musikkandakt

**4. AUGUST**
11. sundag i treeiningstida

LYKKJA KAPELL KL.11.00
Misjonsmøte ved NMS

HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste

**11. AUGUST**
12. sundag i treeiningstida

STØLSMESSE KL.11.00
Torsetstølen til Sissel & Gunnar Rudningen
Adresse: Sireslettvegen 28.
Ved dårlig vær vert gudstenesta flyttet til kyrkja. Kyrkjekaffi.

HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste

**18. AUGUST**
13. sundag i treeiningstida

GOL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. 50 års konfirmantar

HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste

**15. AUGUST**
14. sundag i treeiningstida

HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE kl.11.00
Gudstjeneste. 50 års konfirmantar

# LIVETS GANG

## DØYPTE

**GOL KYRKJE**
Emma Magnussen Reime
Lilly Maria Brennhovd
Knut Norhaug Nibstad
Ada Bjerke Svanholm

**HERAD:**
Sigrid Åsødegård Hoftun
Hedda Charlotte Hedelund
Henrik Heggelien Evjen
Fillip Tonheim

**HEMSEDAL:**
Milian Gjestemoen

## VIGDE

**HEMSEDAL KYRKJE**
Othilie Bergem og Preben Thorsen Lie
Maria Greger Hellgren og Erik Grimelid

## DØDE

**GOL KYRKJE**
Rolf Bergersen f.1929
Anita Pedersen f.1971
Ingeborg Brekke f.1926
Ola Anders Kinneberg f.1938
Helga Petersen f.1951
Kari Berget f.1931
Grethe Irene Moen f.1953
Ingeborg Karlstad f.1929
Agnes Alfsen f.1944
Lasse Liodden f.1999

**HERAD KYRKJE**
Mette Hoftun f.1946
Olav Østmo f.1940

**HEMSEDAL**
Ingrid Wigernes f.1928
Kåre Grøthe f.1953
Marie Målfrid Østlie f.1935
Syver Tuv f.1945
Ingrid Hagen f.1932

ANDAKT

# *Å leve i lyset frå oppstoda!*

*Med eitt stod han der midt imellom dei sørgande. Dørene var stengde, og Jesu vener var overvelda av redsle etter at Jesus hadde lide ein brutal død på krossen. «Fred vere med dykk!» var orda han helsa dei med. Ei kvardagshelsing som aldri hadde vore så fylt med meining som då Jesus brukte henne denne påskekvelden.*

*Ordet fred, shalom, rommar alle gudsrikets velsigningar og uttrykkjer heile Guds skaparvilje. Det er påskehelsinga framfor nokon, og når Jesus seier «fred» til læresveinane sine og til oss, seier han: Eg er med deg og kjem alltid til å vere med deg. Det tyder ikkje at du vil sleppe all motgang og konfliktar, liding og vanskar, men eg skal vere med deg. Eg gir deg den krafta og kjærleiken du treng. Så ikkje ver redd. Eg er med deg.*

*Det var ingen augevitne til sjølve oppstoda, men meir enn fem hundre enkeltpersonar skal ha møtt Jesus lys levande. Han kom og gav dei ny von midt i all forvirringa og mørket. Når somme skulda Jesus for å vere ein bedragar, kunne dei kristne vise til oppstoda som eit prov på at han var Guds Son. Trua på oppstoda vart sjølve kjerna i den kristne trua, det alt står og fell med. Var det ikkje for oppstoda ville Jesus gått inn i historia som ein stor profet og martyr, men neppe ein det var verd å gi livet sitt for.*

*To tusen år seinare vert trua på oppstoda framleis feira i alle tidssoner og på alle kontinent. Eg trur grunnen er at menneske opplever at ho kastar eit nytt lys over tilværet. Vi har ikkje vitskaplege prov for det som hende, men like fullt kan vi leve i lyset frå oppstoda. Kvar einaste søndag er ein påskedag, og gjennom Ordet som lyder og dei liturgiske handlingane får vi næring til trua og styrke til å leve i lyset frå den oppstadne.*

*Jesus sende læresveinane ut med orda «Som Far har sendt meg, sender eg dykk». Denne utsendinga gjeld alle som trur på han. Vi er sende som reiskapar for fred i ei verd av uro, krig og konflikt for å bringe tilgjeving og forsoning, framtid og von.*

**- BISKOP JAN OTTO MYRSETH**

PRODUSERT AV: H|T HALLINGDALTRYKK.NO
Miljøfyrtårn sertifisert